



Deloitte AS

Dato: 08.06.2018
Vår ref.: 2015/11179-48
Dykkar ref.:

Partsbrev - Rullering av plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 - 2020 - Prosessmøte

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 04.06.2018

Handsaming i møte

Forvaltningsrevisor i Deloitte, Frode Løvlie, presenterte resultatet av det arbeidet dei har gjort for å kartlegge endringar i risikobiletet i Hordaland fylkeskommune og som skal danne grunnlag for rullering av planen. Vidare leia han ein prosess der kontrollutvalet kom fram til dei endringane som må gjerast i gjeldande plan. Deloitte vert beden om å vurdere om nokre av dei prioriterte prosjekta kan slåast saman i ein forvaltningsrevisjon.

Det var felles video-møte med kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune undervegs i møtet, der m.a. rullering av plan for forvaltningsrevisjon var eit tema.

Relatert til samanslåing av dei to fylkeskommunane er jamleg informasjon i kontrollutvalsmøter, td. frå prosjektleiar, fylkesrådmann eller leiar av fellesnemnda, å sjå på som eit godt alternativ til å gjennomføra forvaltningsrevisjonar.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

1. Kontrollutvalet sluttar seg til endringane som må gjerast i plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 – 2020 for Hordaland fylkeskommune, som resultat av endra risikobilete.
2. Deloitte AS vert beden om å vurdere om nokre av dei prioriterte prosjekta kan slåast saman i ein forvaltningsrevisjon.
3. Revidert plan vert å sende sekretariatet innan 06.08.2018 for vidare handsaming i møte 27.08.2018.

Påskrift frå sekretariatet:

Vi oppmoder Deloitte om å syta for at revidert plan vert send hit før sumarferien.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.